


# Naustdal skule

«Godt å vere - saman for å lære»



## Dagens organisering

### Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting



	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	341	310	302	-39
Kapasitet	450			
Kapasitetsutnytting i prosent	75,8%	69%	67%	
Ledig kapasitet	109			
Gjennomsnittleg klassestorleik	17,9			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	11,6			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	12,2			
Gruppestørrelse 8.-10. (Norm 20)	10,8			
Barn i SFO	74 av 131 som utgjør 56%			


## Vedlegg 9

### Bemanning

Lærarårsverk	42
Leiingsressurs	2,48
Snittalder	40
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Undervisningskompetanse i musikk. språkfag og spesped.kompetanse til å arbeide med dei mest komplekse elevsakene.

### Økonomi

Rekneskap 2022	kr	36 273 203
Budsjett 2023	kr	42 572 903
Rekneskap 2023	kr	40 907 228
Budsjett 23 utan SFO	kr	39 840 874
Rekneskap 23 utan SFO	kr	38 597 635
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	113 190



### Tilbod og utvikling i sektoren

Barnehage	I Naustdal er det to barnehagar. Naustdal Idrettsbarnehage og Lunden barnehage.
Tilknytning til andre tenestetilbod	Skulen er også eit «kulturhus» med scene og lyd/lys-anlegg og kantine. Skulen husar ein bibliotekfilial. Gymsalen/idrettshallen er i bruk på kveldstid, og skulen har også ein friidrettsbane på sitt område.
Bustad og næring	Naustdal har ein del unytta, men gryteklare reguleringsplanar med bustadtilbod på Sæla, i sentrum og på Helgås. Helgås har rekkefølgekrav som gjer at det er lite byggeaktivitet i området. Naustdal er det senteret som har minst nytt næringsareal tilgjengeleg utanfor sentrum. I sentrum kan det fortettast.

### Bygningsmasse

Byggjeår	1990 (Oppgradering 2017)
Areal	8051 m <sup>2</sup>
Teknisk stand /oppgraderingbehov	Ein ny skule med generell god bygningsteknisk stand. Har behov for tiltak på tak og fasade. Må byte varmpumpe.

### Andre forhold

Avstand Førde sentrum	12,9 km
Avstand til Førde barneskule	13,8 km
Avstand til Førde ungdomsskule	14.6 km
Forhold ved skulevegen	153 av elevane har skuleskyss.



## Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

*Dette er vi tilfreds med*

- Sterke, trinnvise team som fremjar fleksibilitet og tryggleik.
- Gruppestørrelser som mogleggjer nære relasjonar til elevane.
- Tilknytning til lokalsamfunnet gjennom ute-skule og fritidstilbod.
- Aktivt samarbeid med foreldre og nærmiljø, spesielt knytt til tematur på 9. trinn.
- Lærarens kontinuerlege oppdatering og vidareutdanning, og skulens systematiske arbeid med pedagogisk utviklingsarbeid.
- Vi har ein 1-10 skule som gir smidigare overgangar, samt bruk av kompetanse på tvers av hovudstega.

*Forbetringsområder*

- Stabilitet i personale er viktig; hyppige endringar kan vere sårbart.
- Fokus på kvalitet i begynnarpplæringa og systematiske pedagogiske drøftingar.
- Forsterke leik i læringsprosessen.
- Skuleeigar må vere proaktiv i å skape attraktive fagmiljø og sikre stabilitet i administrative stillingar for å støtte det pedagogiske personalet.

### Organisasjonsmessige forhold

*Dette er vi tilfreds med*

- Moderne skulebygg med gode fasilitetar og kompetente lærarar.
- Eit arbeidsmiljø som legg til rette for bruk av ulike læringsarenaer.
- Effektiv vikarhandtering.
- Trivselsprogrammet som styrkar læringsmiljøet
- Leiinga har god oversikt over styrker, svakheiter og risikofaktorar knytt til drift.
- Samarbeidet mellom tillitsvalde, verneombod og leiinga fungerer godt.
- Elevane er generelt nøgde med valfaga som blir tilbydd.

*Forbetringsområder*

- Administrasjonen ved skulen har tidvis vore underbemanna, noko som har utfordra potensialet for utvikling og læring.
- Ei praktisk tilnærming til læring kan støtte elevar med utfordringar knytt til teoretisk retta undervisning betre

### Skulen i lokalsamfunnet

*Dette er vi tilfreds med*

- Skulen har ei sentral rolle i lokalsamfunnet.
- Skulebygget blir brukt til lokale arrangement og aktivitetar.
- Skulen bidrar til lokalsamfunnet gjennom samarbeid med aldersheim, barnehagar og næringsliv.

*Forbetringsområder*

- Det kan vere potensial for meir kontakt og samarbeid med diverse aktørar i lokalsamfunnet.
- Elevane kan engasjere seg meir i frivillig arbeid i lokalsamfunnet som del av læringa.



## *Vedlegg 9*

### **Andre innspel**

- Skulen har tilgang på natur og gode læringsarenaer som er med på å oppretthalde kvaliteten.
- Strukturendringar må ta omsyn til potensielt negative påverknader som lengre skuleveg og splitta elevgrupper.
- Vi må legge vekt på å behalde og rekruttere kvalifisert personell for å sikre god bemanning og kompetanse.

### **Prosjektgruppa si oppsummering**

#### **No-situasjonen**

Det er eit sterkt fokus på trinnvis teamarbeid som fremjar fleksibilitet og tryggleik for elevane. Skulen legg vekt på nær relasjon til elevane og eit aktivt samarbeid med foreldre og nærmiljøet, spesielt gjennom tematur på 9. trinn. Leiinga har god oversikt over styrker, svakheiter og risikofaktorar i drifta, og det er eit godt samarbeid mellom tillitsvalde, verneombod og leiinga.

Naustdal skule har ein sentral plass i lokalsamfunnet, og står fram som ein viktig kulturell og sosial arena i lokalsamfunnet. Skulebygget er moderne, og har funksjon som kulturhus, bibliotek og idrettsarena.

I det pedagogiske arbeidet er det eit kontinuerleg fokus på lærarane sin oppdatering og vidareutdanning, og skulen har fokus på begynnarpplæring og pedagogisk utviklingsarbeid. Ein 1-10 skulestruktur gir smidigare overgangar og bruk av kompetanse på tvers av trinna. Utfordringar som skulen står overfor inkluderer behovet for stabilitet i personalet, der hyppige endringar kan påverke læringsutbyttet.

#### **Kva kan dette bety for skulen i framtida**

##### *Pedagogisk*

- Teamarbeidet og oppdatering av lærarane sin kompetanse er sterke sider ved skulen, og det er viktig å halde fram med å utvikle dette for å oppretthalde pedagogisk kvalitet.
- Hyppige endringar i personalet kan utfordre læringsutbyttet, så stabilitet og kvalitet i begynnarpplæringa er essensielle.
- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Naustdal skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

##### *Organisering*

- Skulen si moderne infrastruktur og gode tilrettelegging for ulike læringsarenaer bidreg positivt til læringsmiljøet.
- Utfordringar med rekruttering kan føre til at utvikling og læring blir utfordra.

##### *Strukturelle endringar*

- Naustdal skule står sentralt i lokalsamfunnet, og strukturendringar som fører til lengre skuleveg kan påverke både busetnad og bumiljø negativt.



### *Vedlegg 9*

- Det er viktig å vurdere konsekvensane av slik endringar nøye, med tanke på å oppretthalde ein god og inkluderande skulekultur.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på ([Lenke til websak-postlista](#))